

## Til sak 4: Budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022

### Bakgrunn

Det er representantskapet som vedtar budsjett og økonomiplan for ÅRIM. Som del av budsjettet vedtar representantskapet også dei prisane ÅRIM nyttar i si fakturering av eigarkommunane.

Forslag til budsjett og økonomiplan 2019 – 2022 er basert på strategi for ÅRIM og ligg ved som eige dokument.

### Dokumentstruktur

Styret legg fram forslag til budsjett og økonomiplan for ÅRIM. Dokumentet er bygd opp på følgjande måte:

**Kapittel 1** er ei innleiing.

I **kapittel 2** ligg måla for ÅRIM samt ei vurdering av måloppnåing.

I **kapittel 3** ligg konkrete satsingar for økonomiplanperioden.

**Kapittel 4** er taldelen av økonomiplanen. Her ligg prognose for 2018 og budsjettet for 2019 samt rammer for perioden 2020 – 2022.

**Kapittel 5** er ei oversikt over planlagde investeringar.

**Kapittel 6** gjer greie for vesentlege usikkerhetsmoment. Styret vurderer det slik at med det budsjettet som føreslege, er risikoen for uønska utslag akseptabel.

**Vedlegg A** er ei oversikt over nokre viktige lovkrav til budsjettarbeidet i ÅRIM,

**Vedlegg B** er ei oversikt over økonomiplanen fordelt på dei tre separate områda ÅRIM fører rekneskap for,

**Vedlegg C** er ei sjølvkostkalkyle for områda hushaldsrenovasjon og slamtømming,

**Vedlegg D** er prisane for hushaldsrenovasjon i 2019,

**Vedlegg E** er prisane for renovasjon til kommunale verksemder i 2019,

**Vedlegg F** er prisane for slamtømming i 2019,

**Vedlegg G** er ÅRIM sitt kundegrunnlag innan hushaldsrenovasjon,

**Vedlegg H** er ÅRIM sitt kundegrunnlag for renovasjon for kommunale verksemder,

**Vedlegg I** er ÅRIM sitt kundegrunnlag innan slamtømming av separate avløpsanlegg,

**Vedlegg J** er ÅRIM sitt kundegrunnlag innan slamtømming av avløpsanlegg knytt til kommunalt nett (inngår i kommunane sitt sjølvkostområde kommunalt avløp),


**Vedlegg K** er forventa fakturering frå ÅRIM til eigarkommunane i 2019.

### Vurdering

Hovuddelen av ÅRIM sine kostnader i perioden 2019 – 2022 er ei vidareføring av dei tilboda som er innført for innbyggjarane. Kostnadsutviklinga for desse tenestene heng i stor grad saman med løns- og prisvekst.

Samstundes arbeider ÅRIM med å gjennomføre forbetringar i tilbudet. ÅRIM har deltatt i AvfallNorge si Renovasjonsbenchmarking 2018, forrige undersøking var i 2016. Dette er ei samanlikning av ulike norske renovasjonsselskap og deira prestasjonar på utvalde område, i hovudsak basert på data for foregåande år (hhv. 2017 og 2015). Resultata gir ÅRIM ein peikepinn på kvar selskapet kan gjennomføre forbetringar. For ÅRIM ser resultatata slik ut:

1,0 = høyst/"best"  
0 = lavest/"svakest"



Når det gjeld økonomi, viser resultatata at ÅRIM framleis er eit av dei mest kostnadseffektive selskapa i undersøkinga, i tråd med måla i strategien for selskapet. Når det gjeld gebyrnivå er det i vedlegg vist ei samanlikning mellom ÅRIM og nokre utvalde selskap.

For kundetilfredsheit viser resultatata ein nedgang i omdømme frå tidlegare år, her er tala frå 2018. Med ein score på 75 % ligg ÅRIM lågare enn målet i strategien (80 %). ÅRIM vil sette i verk tiltak for å betre kundeopplevingane.

Tenestestandarden i ÅRIM har blitt betra sidan førre måling.

ÅRIM ligg framleis gjennomgåande under gjennomsnittet når det gjeld miljøstandard. Selskapet setter i verk tiltak for å gjere noko med dei to områda der selskapet har lågast score – gjenvinningsgrad og klimagassutslepp.

Når det gjeld arbeidsmiljø, ligg ÅRIM om lag på snittet for deltakarane. ÅRIM arbeider systematisk med arbeidsmiljøet.

Budsjettet legg også opp til enkelte andre justeringar i høve dagens situasjon:

Ny kjeldesorteringsløsning er ved utgangen av 2018 innført i alle eigarkommunane unntatt Ålesund. På grunn av uavklarte avtaleforhold, legg ÅRIM opp til å innføre henteordning for glas- og metallemballasje i Ålesund i 2019. Dette gir ei forseinking i høve tidlegare vedteke plan. Utrullingstempoet i 2018 har vore høgt, den avgrensa aktiviteten i 2019 vil selskapet nytte til å få betre kontroll over mengder og kostnader. Ein viktig føresetnad for at dette skal vere mogleg, er at

selskapet får dei nødvendige avklaringane frå Ålesund kommune både knytt til framtidig disponering av areal i Bingsa og knytt til framtidig utsortering av matavfall.

Innføring av ny kjeldesorteringsløyseing for hushaldsabonmentane har ført til ein reduksjon i talet på næringskundar i ÅRIM. ÅRIM har sidan oppstarten hatt ei tilnærming der verksemdar som har eit renovasjonsbehov tilpassa ÅRIM sitt ordinære tilbod til hushald kan nytte desse ordningane. Desse næringskundane har då gitt eit dekningsbidrag til dei faste og variable innsamlingskostnadene. Tapet av næringskundar medfører at hushalda i 2019 må dekke om lag 2 MNOK meir av desse kostnadene.

Det blir gjennomført nokre fleire tiltak som kan gi auka materialgjenvinning og lågare klimagassutslepp. Døme på dette er tiltak for å sikre materialgjenvinning av tre- og gipsavfall, samt bruk av palmeoljefri HVO som drivstoff i maskinar og renovasjonsbilar.

ÅRIM har i dag for mange manuelle rutiner. Det blir lagt opp til auka digitalisering av kundekontakt og økonomistyring i løpet av økonomiplanperioden. Det er eit mål å sikre betre informasjon når kunden ønskjer det og selskapet treng det, samstundes som tidsbruken knytt til manuelt arbeid blir registrert.

I 2018 har dei tre avfallsverksemdene Ålesund kommune står som eigar av; ÅRIM, Tafjord Kraftvarme AS og Næringsdrift avfall etablert eit samarbeid med NTNU under tittelen «Smart Sirkulær by». Det er eit mål med samarbeidet å identifisere korleis etablerte selskap og anlegg kan utnyttast best mogleg, altså at mest mogleg av den verdiskapinga auka gjenvinning bidrar til kan bli nytta her i regionen.

Parallelt med dette blir det arbeid for å sikre eit tettare samarbeid mellom dei interkommunale avfallsselskapa i regionen. Desse selskapa vil i løpet av 2019 ha relativt likt tenestetilbod til dei om lag 200 000 innbyggjarane i Romsdal og på Sunnmøre. Då vil tida vere komen for å sjå om det er mogleg å oppnå stordriftsfordeler også ut over dagens selskapsgrenser.

## Forslag til vedtak

Representantskapet vedtar forslag til budsjett og økonomiplan 2019 – 2022.

Representantskapet godkjenner samla låneopptak på NOK 21 888 250 til å dekke foreslåtte investeringar.

## Hushaldsrenovasjon – utviking av prisane frå 2018 til 2019

Abonnement / teneste	Pris 2018	Pris 2019
Standard	2 637	2 797
Redusert	2 346	2 497
Fellesløysing	-	2 797
Samarbeid dunk	2 287	2 497
Kompost	2 196	2 350
240L	4 486	4 796
360L	6 711	7 095
660L	12 053	12 993
770L+	20 205	21 797
Overflatekonteinarar	-	55 962
Avfallsbrønnar	-	94 516
Henteavstand 10-25m	250	700
Henteavstand 25-40m	750	1 000
Henteavstand 40-60m	1 050	1 400
Henteavstand 60-100m	1 650	2 000
Fritidsrenovasjon	1 154	1 450

## Renovasjonsgebyret – ulike område

Renovasjonsgebyret til ÅRIM for ein standardabonnet var 2 637 kr i 2018 og er foreslått til 2 797 kr i 2019. Dette gebyret inkluderer levering av inntil 600 kg avfall til sortering på gjenvinningsstasjon, i tillegg til fri levering av hageavfall. I snitt leverte kvar abonnent i ÅRIM i 2017 om lag 300 kg avfall til sortering.

Status i ulike renovasjonsselskap (2018-tal, alle prisar utan mva):

Selskap	Gebyr standardabonnement	Levering av avfall på gjenvinningsstasjon	Anslått pris ved tilsvarande tilbod som ÅRIM
RIR (Molde)	2 535 <sup>1</sup>	100 kr per m <sup>3</sup>	2 835
SSR (Ulstein)	3 142	2,54 per kg	3 777
VØR (Ørsta)	1 864 <sup>2</sup>	2,00 per kg	2 364
NOMIL (Gloppen)	2 994	300 kr for 3 m <sup>3</sup>	3 294
NIR (Rauma)	3 033	Betalingsordning	Ukjent
Hamos (Surnadal)	2 450	Inkludert	2 450
Trondheim	2 210	1,47 kr per kg	2 500
BIR (Bergen)	2 374	150 kr for 3 m <sup>3</sup>	2 524
IRIS (Bodø)	2 871	3,10 per kg	3 471
GLØR (Lillehammer)	2 432	3,05 per kg	2 632

Mange av desse kommunane har bygd opp renovasjonsgebyret med ein fastpris per renovasjonspliktig bueining, med ei tillegg for dunkar. I ÅRIM er det i dag berre unntaksvis renovasjonsplikt for bueiningar. Dette gir eit anna gebyrgrunnlag, med færre abonnentar for ÅRIM.

<sup>1</sup> Gebyret i RIR er basert på ein fastpris per bueining på 1816 kr, i tillegg kjem ein pris på 719 kr for dunkar.

<sup>2</sup> VØR foreslår gebyrauke for 2019, ny foreslått pris er 2 513 kr.